



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-011	20/369

Saksnr	Utval	Type	Dato
084/21	Formannskapet	PS	20.10.2021
068/21	Kommunestyret	PS	28.10.2021

Godtgjersle for val arbeid Fedje kommune

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Godtgjering til val medarbeidarar, røystestyret og valstyret har ved mange val vore godtgjort med møtegodtgjering, timelønn, tapt arbeidsforteneste. I tillegg har det vore betalt ein sum til dei tilsette som har hatt ansvaret for valet i kommunen.

Vurdering

Når ein no skal betala ut godtgjering etter stortingsvalet 2021, ser rådmannen kva som er gjort før, men finn ikkje vurderingar eller vedtak som fortel kva som er bakgrunnen alle utbetalingane, ein finn til dømes ikkje kva som er bakgrunnen for tilsette som jobbar med val får ei ekstra utbetaling. Ut frå det fann ein det rett å spørja dei andre kommunane i Nordhordland korleis dei godtgjer arbeid i høve val. Dette for å forsikra oss om at me har ein tilnærma lik praksis som andre kommunar har. Det har vore sendt ut spørsmål til alle kommunen i Nordhordland, ikkje alle har svart, men me har fått svar frå Alver, Modalen og Masfjorden.

Dei godtgjer med litt ulike summar, mellom anna handlar det om at Alver er eit mykje større valområde no en dei hadde før. Modalen har høgare generell møtegodtgjersle en det kommunestyret på Fedje har vedteke. Nokre av kommunane betalar reisegodtgjering for sine valmedarbeidarar ut frå at ein del har lang reiseveg. Lang reiseveg er ikkje relevant for Fedje sine valmedarbeidarar. Nokre kommunar betalar diettpengar til sine valmedarbeidarar så ordnar dei seg sjølv med mat og drikke. Her i kommunen får valmedarbeidarane servering når dei møter, så lenge det vert servert mat og drikke er det ikkje relevant med diettpengar.

Nokre kommunar betalar ikkje møtegodtgjering til valstyret sidan dei har ei fast godtgjering i formannskapet. I Fedje kommune har ikkje formannskapet godtgjering ut over møtegodtgjersla når dei møter på møta, ut frå det meiner rådmannen at valstyret skal ha møtegodtgjering når dei møter i valstyret. Det vert betalt møtegodtgjering til røystestyret, leiar og nestleiar i røystestyre får ei godgjering for leiar og nestleiarverv, på lik line med andre leiarar og nestleiarar av utval.

For valmedarbeidarar som har tapt arbeidsforteneste vert det godtgjort etter dei reglane som gjeld for tapt arbeidsinntekt, det er gjort vedtak i kommunestyret korleis dette skal godtgjera. Dei som



Fedje kommune

har tap i arbeidsinntekt for å delta i valarbeid melder dette til valsansvarleg i kommunen.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn.

Det er ikkje uvanleg at ein nyttar pensjonistar til valmedarbeidarar, om dei ikkje sit i røyste eller valstyret får dei utbetalt pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget, og vanleg møtegodtgjering når dei møter på opplæring før valet.

Konklusjon

Medlemmane i valstyret får møtegodtgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid.

Medlemmane i røystestyret får møtegodtgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid. Møtegodtgjersla vert sett til den godgjersla formannskapet får for kvart møte. For tida er møtegodtgjersla sett til 500,- kr for kvart møte.

Leiar for røystestyret får ei godtgjering på 3000,- kr. i tillegg til møtegodtgjersle.

Nestleiar for røystestyret får ei godtgjering på 1500,- kr i tillegg til møtegodtgjersle.

Valmedarbeidarar som har tapt arbeidsinntekt får dette godtgjort etter dei vedtaka kommunestyre har sett for tapt arbeidsinntekt.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn. Ekstra godtgjering for tilsette som er valsansvarleg i kommunen vert teke vekk.

Pensjonistar som tek del i valarbeidet som ikkje sit i røyste eller valstyret får pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget og møtegodtgjering når dei møter på opplæring.

Forslag til vedtak:

Medlemmane i valstyret får møtegodtgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid.

Medlemmane i røystestyret får møtegodtgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid. Møtegodtgjersla vert sett til den godgjersla formannskapet får for kvart møte. For tida er møtegodtgjersla sett til 500,- kr for kvart møte.

Leiar for røystestyret får ei godtgjering på 3000,- kr. i tillegg til møtegodtgjersle.

Nestleiar for røystestyret får ei godtgjering på 1500,- kr i tillegg til møtegodtgjersle.



Fedje kommune

Valmedarbeidarar som har tapt arbeidsinntekt får dette godtgjort etter dei vedtaka kommunestyre har sett for tapt arbeidsinntekt.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn. Ekstra godtgjering for tilsette som er valansvarleg i kommunen vert teke vekk.

Pensjonistar som tek del i valarbeidet som ikkje er medlemmar i røyste eller valstyret får pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget og møtegodgjering når dei møter på opplæring.

Formannskapet - 084/21

F - behandling:

F - vedtak:

Medlemmane i valstyret får møtegodgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid.

Medlemmane i røystestyret får møtegodgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid. Møtegodtgjersla vert sett til den godtgjersla formannskapet får for kvart møte. For tida er møtegodtgjersla sett til 500,- kr for kvart møte.

Leiar for røystestyret får ei godtgjering på 3000,- kr. i tillegg til møtegodtgjersle.

Nestleiar for røystestyret får ei godtgjering på 1500,- kr i tillegg til møtegodtgjersle.

Valmedarbeidarar som har tapt arbeidsinntekt får dette godtgjort etter dei vedtaka kommunestyre har sett for tapt arbeidsinntekt.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn. Ekstra godtgjering for tilsette som er valansvarleg i kommunen vert teke vekk.

Pensjonistar som tek del i valarbeidet som ikkje er medlemmar i røyste eller valstyret får pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget og møtegodgjering når dei møter på opplæring.

Samrøystes vedteke.